

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		15.10.2020
Fylkesutvalet		29.10.2020
Fylkestinget		15.12.2020

## Kontaktutval mellom innvandrara og styremaktene i Vestland fylke

Forslag til innstilling:

1. Vestland fylkeskommune stiller seg positiv til at det vert etablert eit nytt kontaktutval mellom innvandrara og styresmaktene i Vestland fylke.
2. Vestland Innvanderråd, KS, Bergen kommune og fylkeskommunen utarbeider forslag til nytt mandat og samansetjing av utvalet. Forslaget vert lagt fram for fylkestinget til godkjenning i desember 2020.
3. Fylkeskommunen sine medlemmer til kontaktutvalet vert valt på fylkestinget i desember.

### Samandrag

Kontaktutvalet mellom innvandrara og norske styresmaktene (KIS) i Hordaland vart oppretta som eit tiltak i handlingsprogram "Det fleirkulturelle Hordaland" (1998-2001). Utvalet har fungert fram til hausten 2019.

Det har vore drøftingar mellom Vestland Innvanderråd, KS, Bergen kommune og fylkeskommunen om vidareføring av kontaktutvalet i Vestland fylke. Partane var der samde at det er ønskeleg å vidareføre arbeidet. Partane var også samde om at det på bakgrunn av endringar i struktur, oppgåver og arbeidsmåtar vil vere føremålstenleg å utarbeide nytt forslag til mandat og samansetjing av utvalet.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg:

Notat av 19.11.2019 frå Kontaktutvalet mellom innvandrara og styresmaktene (KIS)

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Kontaktutvalet mellom innvandrarar og norske styresmaktene (KIS) i Hordaland vart oppretta som eit tiltak i handlingsprogram "Det fleirkulturelle Hordaland" (1998-2001). Det felles innvandrarråd i Hordaland (DFIR) som no heter Vestland innvandrarråd fekk ansvar for å drive fram tiltaket og la fram forslag til modell og mandat. DFIR/Vestland innvandrarråd fekk også rolla som sekretariat for utvalet.

Føremålet med kontaktutvalet, vedteke i fylkesutvalet var m.a. «... å leggje til rette for gode integreringsprosessar for innvandrarane i Hordaland generelt». Rådet har hatt ein rådgjevande funksjon, og har drøfta og gitt innspel på til ei kvar tid aktuelle saker gjennom perioden.

Kontaktutvalet for perioden 2016-2019 har levert ei oppsummering av arbeidet for den perioden, jf vedlegg. Dei ønskjer at dette arbeidet vert ført vidare i Vestland fylke.

Det har vore eit møte på administrativt nivå mellom Vestland innvanderråd, KS, Bergen kommune og Vestland fylkeskommune der ein drøfta vidareføring av eit slikt kontaktutval i Vestland fylke. Partane var der samde at det er ønskeleg å vidareføre arbeidet i eit kontaktutval. Partane var også samde om at det på bakgrunn av endringar i struktur, oppgåver og arbeidsmåtar vil vere føremålstenleg å utarbeide nytt forslag til mandat og samansetjing.

### Vedtakskompetanse:

Fylkestinget

### Vurderingar og verknader

Fylkeskommunane skal bidra til positiv samfunnsutvikling basert på regionale fortrinn, føresetnader og prioriteringar. Fylkeskommunen som samfunnsutviklarar bør prioritere tiltak som fremmar dialog mellom innvandrarar og styresmaktene, og som kan bidra til utforminga av ein regional integreringspolitikk.

Fylkeskommunen skal gjennom sitt arbeid vere med på å legge til rette for auka samfunnsdeltaking blant innvandrarar. Dialog, samarbeid og samhandling gjennom eit formelt organ som eit kontaktutval kan vere ein måte å konkretisere denne oppgåve på.

**Økonomi:** Innan gjeldande økonomiske rammer

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** Regional plan for folkehelse 2014-2025 – fleire gode leveår for alle. Integrering har positiv verknad på folkehelsa.

**Regional planstrategi:** I Utviklingsplan for Vestland vert det peikt på fleire sentrale utfordringar og arenaer for inkluderingsarbeidet; likeverdige samfunn, eit fornyande, profesjonelt og frivillig kulturliv og ungdom – trivsel og tilhørsele, gode kvardagsliv og like moglegheiter til å delta.

### Konklusjon

Fylkesrådmannen stiller seg positiv til vidareføring av eit kontaktutval mellom innvandrarar og styresmaktene i Vestland fylke. Eiga sak om mandat for og samansetjing av rådet vert lagt fram for fylkestinget til handsaming i desember 2020. Då vert også fylkeskommunen sin (sine) representant(ar) valt.